

---

**Fra:** Terje Kili [mailto:Terje.Kili@bo.kommune.no]  
**Sendt:** 23. april 2014 09:32  
**Til:** Postmottak HOD  
**Emne:** Høyring - Reservasjonsordning for fastlegar

Bø kommune sender med dette over kommunens høyringsvar til saka Reservasjonsordning for fastlegar

Kommunestyret fatta 07.04.2014 følgjande vedtak:

K-025/14

Vedtak:

Kommunestyret gjer vedtak med 18 mot 7 røyster i samsvar med HV-utvalet (helse og velverd) si tilråding som lyder:

1. Bø kommune vil ikkje tilrå at fastlegar gis anledning til å avtale reservasjon mot å henvise til abort.

Kommunestyret gjer samrøystes vedtak i samsvar med HV-utvalet si tilråding som lyder:

2. Om regjeringa likevel vedtek å opne for at fastlegar skal kunne gis moglegheit for å avtale at ein skal kunne reservera seg mot å henvise til abort, vil Bø kommune tilrå at dette er eit regelverk som forvaltas sentralt og ikkje på kommunalt nivå

Mindretalet -7 – røyster til punkt 1 røysta for representanten Øyvind Erikstein, KrF sitt framlegg som er i samsvar med KrF sitt framlegg frå behandling i HV-utvalet (helse og velferd) punkt 1 til 4 som lyder slik:

1. Pasienters rettigheter ut fra norsk lov skal ivaretas av alle deler av helsetjenesten. Samvittighetsaspektet for helsepersonell i spørsmål knyttet til etiske refleksjoner om liv og død må likevel anerkjennes og så langt som mulig, tas hensyn til.
2. Det er grunnleggende viktig for et demokratisk flertall også å anerkjenne at et mindretall kan ha legitime samvittighetsutfordringer i sin yrkesutfoldelse.
3. Bø kommune ønsker å legge til rette for at også fastleger kan få fortsette å ha en mulighet til reservere seg slik dette høyringsnotatet legger opp til og ønsker å formalisere.
4. I Bø kommune har vi erfaring med leger som reserverer seg. Det har ikke ført til formelle klager og hensynet til pasienten har blitt ivaretatt gjennom fellesliste som fastlegeforskriften legger opp til. Bø kommune ønsker at en oppgavefordeling innenfor felleslistesamarbeid fortsatt skal være mulig. Det understrekes likevel at denne saken utelukkende handler om muligheten til å reservere seg mot å henvise til abort.

Ordføreren tok opp til røysting om kommunestyret er samd i at både fleirtalsog mindretallsframlegget blir oversendt departementet jfr representanten  
Asbjørn Botnen, H sitt framlegg. Dette vart vedteke med 14 mot 11 røyster.

**Terje Kili**

ass. rådmann

kommunalsjef, Helse & Velferd

Telefon: 35 05 90 13/920 31 791

E-post: [terje.kili@bo.kommune.no](mailto:terje.kili@bo.kommune.no)



Bø kommune

[www.bo.kommune.no](http://www.bo.kommune.no)

Tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten